

Saksframlegg

| Saksnr: | Utval: | Dato |
|---------|-------------|------|
| | Fellesnemnd | |

| | | |
|----------------|---|----------------|
| Sakshandsamar: | Sektor samfunnsutvikling og kommunalteknikk | Hogne Haugsdal |
| | Arkivnr.: 17/1868 | Klassering: |

Prosjektmandat - Gebyrregulativ for Alver kommune

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Prosjektmandat for gebyrregulativ for Alver kommune blir vedtatt slik det blir lagt fram i saka

.....

Saksopplysningar:

Saka skal avgjeraast i fellesnemnda

Bakgrunn:

Alver kommune må ha eit gebyrregulativ med gebyr- og betalingssatsar for kommunale tenester frå 01.01.2020. Det blir oppretta eit hovudprosjekt med politisk styring med føremål om å utarbeide eit gebyrregulativ for Alver kommune. Prosjektet skal levere eit forslag til gebyrregulativ som skal til innstilling i fellesnemnda i juni 2019. Endelig vedtak av gebyrregulativ blir tatt av kommunestyret i Alver før nyttår 2020. Prosjektet skal kartlegge kva områder som skal inn i gebyrregulativet, førebels er desse hovudpunktata avdekkja:

- Oppvekst og kultur
- Pleie- og omsorgstenester
- Vatn, avløp, feiing og renovasjon
- Festeavgifter og avgifter gravplassforvaltning
- Leigeprisar eigedom og anlegg
- Teknisk forvaltningsteneste (Byggesak, arealplan og geodata)

Vurdering:

Gebyr- og betalingssatsar er vanlegvis eit resultat av strategiske og politiske prioriteringar for kommunen, og slik skal det også vere i Alver kommune. Ettersom det nye kommunestyret ikkje er på plass før mot slutten av året, vil det vere krevjande å gjennomføre strategiske prosessar før vedtak av nytt gebyrregulativ. Programansvarlig foreslår derfor å samordne gebyr- og betalingssatsar i dagens tre kommunar, og ta utgangspunkt i eksisterande prisar, gebyr og avgifter som grunnlag for eit gebyrregulativ for 2020.

Våren 2020 skal gebyr- og betalingssatsar vere tema på strategisamlinga til formannskapet i Alver, med sikte på å utarbeide eit nytt gebyrregulativ for Alver kommune gjeldande frå 2021.

.....

Ikkje vedlagte saksdokument:

| Doknr | Type | Dato | Tittel på saksdokumentet |
|--------------|-------------|-------------|---------------------------------|
| Doknr | Type | Dato | Tittel på journalpost |